

MARTIN LINGE


*ein av dei mest vidgjetne nordmenn i 2. verdskrigen
– eit symbol for norsk fridomskamp.*



Martin Linge under opphaldet i England.



Martin Linge heime på Negarden på Linge .



Agnes Movinkel og Martin Linge på Det Norske Teater i 1925.



Martin Linge på raid i Lofoten i 1941.

BARNDOMSHEIM PÅ LINGE

Han var fødd 11. desember i 1894 på Negarden på Linge, den yngste av ein syskenflokk på 12. Dei seks yngste i flokken var kalla «Gunhildssønene»

UTDANNING

Han gjekk på underoffisersskule, tok også flysertifikat. Han valde likevel ei løpebane som teaterskodespelar, var også med i spelefilmar, t.d. «Gjest Baardsen».

KOMPANI LINGE

Ved krigsutbrot 9. april 1940 tok han del i kampane ved Åndalsnes, vart råka av ein granatsplint og evakuert med hospitalskip til England. Der vart han kaptein for Norwegian Independent Company No 1, seinare kjent som Kompani Linge.

MÅLØYRAIDET

Han leia norske styrkar ved landgangsaksjonar i Noreg, til han fall i kamp under Måløyraidet 27. desember 1941.

KRIGSHELT

Han fekk mange heidersteikn og jamvel hylla av statsminister Churchill i BBC. Kompani Linge fortsette motstandskampen, mest kjent er Tungtvassaksjonen. Kronprins Olav avduka i 1946 ein minnebauta på Linge.